



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Møteinnkalling

Talgje sokneråd

Møtedato: 19.11.2025 kl. 16:15

Møtestad: Kyrjekontoret

Arkivsak: 23/04560

Saksliste

Møteinnkalling

Saksliste Talgje sokneråd 19.11.2025

3

Godkjenning av innkalling og saksliste

41/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

5

Godkjenning av protokoll

42/25 Godkjenning av protokoll frå førre møte.

6

Saker til behandling

43/25 Det lokale kyrkjelydsarbeidet på øyane våre. I dag: Talgje

18

44/25 Val av leiar og nestleiar for det komande året.

19

45/25 Utnemning av representantar til diverse utval

20

46/25 Årsplan for soknerådet 2026

23

47/25 Fastsetjing av dato for årsmøte - våren 2026

25

48/25 Rekneskap pr. 01.11.25

26

49/25 Misjonsprosjektet

27

50/25 Sommargudsteneste på Bokn, Byre, Måløy?

35

51/25 Innspel til utlysningstekst til kyrkjetenar- og kantor/kyrkjemusikarstillinga på Talgje og Halsnøy

36

52/25 Omstilling - fellesrådsvedtak + innleiande drøfting: Soknerådstruktur som nå?

42

Åpen halvtime

Orienteringssaker

53/25 Orienteringssaker

44

Eventuelt



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakliste

Talgje sokneråd

Møtedato: 19.11.2025 kl. 16:15

Møtestad: Kyrkjekontoret

Arkivsak: 23/04560

Meld eventuelt forfall snarast på tlf 47010909 eller e-post hs973@kyrkja.no. 2.-4. vara møter etter nærare melding frå møtesekretær.

SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

41/25	23/04631-24	Godkjenning av innkalling og sakliste
-------	-------------	---------------------------------------

Godkjenning av protokoll

42/25	23/04620-21	Godkjenning av protokoll frå førre møte.
-------	-------------	--

Saker til behandling

43/25	23/04625-11	Det lokale kyrkjelydsarbeidet på øyane våre. I dag: Talgje
44/25	23/04626-5	Val av leiar og nestleiar for det komande året.
45/25	23/04636-7	Utnemning av representantar til diverse utval
46/25	23/04619-22	Årsplan for soknerådet 2026
47/25	24/00466-7	Fastsetjing av dato for årsmøte - våren 2026
48/25	23/04623-25	Rekneskap pr. 01.11.25
49/25	23/04624-5	Misjonsprosjektet
50/25	23/04625-12	Sommargudsteneste på Bokn, Byre, Måløy?
51/25	23/04634-9	Innspel til utlysningstekst til kyrkjetenar- og kantor/kyrkjemusikarstillinga på Talgje og Halsnøy
52/25	25/05305-1	Omstilling - fellesrådsvedtak + innleiande drøfting: Soknerådstruktur som nå?

Orienteringssaker

53/25	23/04635-23	Orienteringssaker
-------	-------------	-------------------

Eventuelt

Finnøy , 12.11.2025

Eilef Johan Gard

leiar

Heidi Bø Sangedal
møtesekretær



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	411	23/04631-24	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
41/25	Talgje sokneråd	19.11.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksorientering

Innkalling og sakliste er sendt ut til faste soknerådsmedlem og varamedlem om lag ei veke på førehand.

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent slik den ligg føre.



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	411	23/04620-21	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
42/25	Talgje sokneråd	19.11.2025

Godkjenning av protokoll frå førre møte.

Vedlegg:

~ 23_04560-36 Protokoll Talgje sokneråd 03.09.2025 373985_2_0

Saksorientering

Referat frå førre møte vart i etterkant sendt ut til dei frammøtte, evt. innspel er tekne med i det referatet som no ligg ved.

Forslag til vedtak

Referat frå førre møte vert endeleg godkjent.



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Møteprotokoll

Talgje sokneråd

Møtedato: 03.09.2025 kl. 16:30
 Møtestad: Kyrkjekontoret
 Arkivsak: 23/04560

Til stades: Ola Aasland Vold, Eilef Johan Gard, Terje Kjølvik, Ingrid Eiane Setvik, Ottar Sandanger, Margunn Madsen Hovda, Merete Meling Kindingstad

Frammøtte
 varamedlemer: Jon Fredrik Hartvedt (sak 30 – 33/25), Else Jorunn Løland

Forfall: Beate Steinsvik Jansen, Anita Fjukmoen

Andre: Sissel Sørestad Halsne (sak 30 – 32/25)

Protokollfører: Heidi Bø Sangedal

SAKSLISTE		Side
Godkjenning av innkalling og saksliste		
30/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	2
Godkjenning av protokoll		
31/25	Godkjenning av protokoll frå førre møte	2
Saker til behandling		
32/25	Det lokale kyrkjelydsarbeidet på øyane våre. I dag: Halsnøy	3
33/25	Etiske retningslinjer i arbeidet med born og unge	4
34/25	Godkjenning av gudstenesteliste for våren 2026	5
35/25	Godkjenning av offertildelingar for våren 2026	6
36/25	Møteplan for våren 2026	7
37/25	Disponering av resultat for 2024	7
38/25	Omstilling i Stavanger krk fellelsråd	8
39/25	Visjon og strategiplanen	9
Orienteringssaker		
40/25	Orienteringssaker	10
Eventuelt		

--	--	--

Finnøy 12.11.2025

Eilef Johan Gard
Leiar

Heidi Bø Sangedal
Sekretær

Opning v/Ola

Godkjenning av innkalling og saksliste

30/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	03.09.2025	30/25

Saksorientering

Innkalling og sakliste er sendt ut til medlem og varamedlem om lag ei veke før møtet. Sakene er også framlagt AU før utsending.

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste er godkjent slik den ligg føre.

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjent slik den ligg føre.

[Lagre vedtak]

Godkjenning av protokoll

31/25 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	03.09.2025	31/25

Saksorientering

Referat frå førre møte er sendt ut til dei frammøtte på mail i etterkant. Evt. endringar er teke med i det endelege referatet som ligg ved.

Forslag til vedtak

Referat frå førre møte vert endeleg godkjent.

Vedtak

Referat frå førre møte er endeleg godkjent.

[Lagre vedtak]

Saker til behandling

32/25 Det lokale kyrkjelydsarbeidet på øyane våre. I dag: Halsnøy

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	03.09.2025	32/25

Saksorientering

Me vil framover ha fokus på kvar kyrkjelyd i møtene våre. Då vil også dei tilsette frå kvar plass bli invitert med. I dette møte har me fokus på Halsnøy. Kyrketenar Sissel S Halsne blir med.

Forslag til vedtak

Samtalesak

Møtehandsaming

Samtale om kyrkjelydsarbeidet på Halsnøy. Stabilt godt oppmøte om lag 25 personar på gudstenestene, folk i alle aldrar. Veldig kjekt med Pinsevandringa på Halsnøy for 9 åringane. Set stor pris på samarbeidet med Reidun Bråtveit om deltaking på jente – og guttelaget. Formiddagstreff fire gonger i året – veldig kjekt tilbud for dei som er heime på dagtid.

Merknad: På gravplassen er det evt behov for fornying av treverk i kompostbingen. Det er og steinar ved sida av bingen som kunne vore fjerna. Klokka i tårnet bør ha vedlikehald.

Vedtak

Samtalesak.Heidi melder behov vidare til dei som jobbar med gravplass.

[Lagre vedtak]

33/25 Etiske retningslinjer i arbeidet med born og unge

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	03.09.2025	33/25

Saksorientering

I førre møte var retningslinjer for arbeidet med born og unge oppe til godkjenning. Rådet ønska at saka vart lagt fram som eit tema i neste møte. Sjernarøy og Hesby sokneråd har vedteke retningslinjene i vår. Revidert brosjyre og dokument er vedlagt.

I punkt 5 står det: "Det er soknerådet som har ansvaret for utforming, opplæring i og handheving av dei etiske retningslinjene, og for eventuelle sanksjonar." Når me nå har brukt tid på utforminga av vedtektene og dei to andre dokumenta som høyrer til, kan det vera viktig å ta oss tid til ein samtale om innhaldet og soknerådet sitt ansvar.

Else Jorunn er beden om å innleia til samtalen. Det vil vera fint om den enkelte merker seg noko spesielt som ein meiner er viktig å ta fram, eller har eit spørsmål eller ei problemstilling som ein ynskjer å drøfta. Det viktigaste i dette møtet er samtalen rundt bordet.

Forslag til vedtak

Samtalesak.

Møtehandsaming

Else Jorunn hadde ei god innleiing til samtale, takk for førebuing og engasjement. Det blei blant anna lese eit case frå boka Trygge rom som Vake har gjeve ut. Det blei god samtale rundt bordet ang. viktige dilemma knytta til overgrep i kristne miljøer, korleis oppdage, korleis førebygge at det skjer og korleis følge opp. Stab og frivillige har gjennomgang på tema x 1/år og når nye kjem til også ved enkelt tiltak som f.eks. Lys Vaken. Det er i seg sjølv førebyggjande å snakke om dette. Må ha gode rutiner og spelereglar. Vurdere om me bør ha rutiner for at fleire i våre samanhenger må ha politiattest. Ein må ha kunnskap om å sjå og mot til å nærme seg slike situasjonar når dei dukkar opp.

Vedtak

Samtalesak.

[Lagre vedtak]

34/25 Godkjenning av gudstenesteliste for våren 2026

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	03.09.2025	34/25

Saksorientering

Gudstenestelista for våren 2026 er vedlagt. Gudstenestene er lagt med bakgrunn i tidlegare oppsett med om lag ei gudsteneste i månaden på kvar plass. Det er i utgangspunktet gudsteneste kvar første sundag i månaden, grunna møtehelg på bedehuset på Talgje som er varsla i god tid er det foreslått gudsteneste på Talgje 8. mars i staden for 1. mars. Det er og eit spørsmål om ein skal flytte gudstenesta på Halsnøy som er foreslått 10. mai til 31. mai.

Forslag til vedtak

Gudstenestelista blir godkjent slik den ligg føre med evt endringar som kjem fram i møtet.

Vedtak

Gudstenestelista er godkjent slik den ligg føre.

[Lagre vedtak]

35/25 Godkjenning av offertildelingar for våren 2026

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	03.09.2025	35/25

Saksorientering

Det er kome ein søknad frå Indremisjonsforbundet om offer. Generelt blir det sendt ut offersøknader frå div. organisasjonar gjennom året. Talgje sokn har sagt dei vil prioritere misjonsprosjektet og kyrkjelydsarbeidet. I tillegg har Finnøy og Talgje KM speiderar eit offer i året. Kirkens SOS har to ofringar i året/jamfør vedtekter om medlemsskap. I tillegg har me valgt å ha ofring til Open hall i konfirmasjonsgudstenestene. På gudstenestelista står eit forslag til ofringar gjennom året.

Forslag til vedtak

Offerlista er godkjent slik den ligg føre evt med endringar som kjem fram i møtet.

Vedtak

Offerlista er godkjent slik den ligg føre.

[Lagre vedtak]

36/25 Møteplan for våren 2026

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	03.09.2025	36/25

Saksorientering

Det er sett opp tre møter i vårsemesteret. Møtedag er fortsatt onsdag, med unntak av at det er sett opp ein tirsdag i mars. Viss alle sokneråda synes at onsdag er ein betre dag for fellesmøte kan me endre dette til eit onsdagsmøte. Forslag til møteplan: Fellesmøte for alle sokna: Tirsdag 10. mars evt 24. mars. Hesby sokn: Tirsdagar 27.jan. og 2. juni, Sjernarøy sokn: Tirsdagar 3. febr. og 26. mai. Talgje sokn: 28. jan. og 27. mai.

Forslag til vedtak

Møteplan er godkjent slik den ligg føre evt med endringar som kjem fram i møtet.

Vedtak

Det blir soknerådsmøter onsdagar kl 1630 – 1830 28. jan. og 27. mai 2026 I tillegg blir det eit felles møte for alle sokna i kyrkja i Finnøy i mars. Soknerådet ønsker onsdag 11. mars. Forslag til saker i felles møte: Kyrkjevalet 2027, HØP og Plan for kyrkjeleg undervisning. Utforming av felles møte gjerast i lag med AU i alle sokneråda.

[Lagre vedtak]

37/25 Disponering av resultat for 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	03.09.2025	37/25

Saksorientering

Rekneskapen for 2024 viser eit overskot på kr 71 374,54 Vedlagt er forslag til disponering av resultat for 2024

Forslag til vedtak

Disponering av resultat for 2024 er godkjent slik det ligg føre.

Vedtak

Disponering av resultat for 2024 er godkjent slik det ligg føre.

[Lagre vedtak]

38/25 Omstilling i Stavanger krk fellesråd

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	03.09.2025	38/25

Saksorientering

Sokneråd og tilsette har kome med innspel i omstillingssaka gjennom ulike fora gjennom året. Referatet som ligg ved er frå det siste møtet som vart halde kun for soknerådsleiarar og dagleg leiarar i Fellesrådet. Referatet skal vere sendt inn til kyrkjevergen. Alle tilsette er informert om framdrifta i arbeidet. Det skal vere eit møte for AU i sokneråda i lag med Fellesrådet onsdag 10. sept. om dette. Endeleg vedtak skal gjerast i Fellesrådet sitt møte 24. sept. Det vil kome ei sak frå kyrkjevergen til sokneråda om konkret forslag til omstilling. Skrivet blir ettersendt på mail

Forslag til vedtak

Soknerådet tek saka til orientering evt med innspel som kjem fram i møtet.

Møtehandsaming

Saken var innstilt som sak med vedtak, men i prosessen fram mot møte er denne saka omgjort til ei orienteringsak. I vårt sokn er det foreslått ei innsparring av klokkestillingar ved naturleg avgang. I byen er det foreslått samanslåing av stabar (Varden/Johannes, Stokka/Kampen og Hafrsfjord/Sunde), i tillegg er det forslag om

kutt i administrativ ressurs i St.Petri/Dom og Hundvåg. Dei sokna som er direkte råka har fått informasjon frå kyrkjevergen.

Ang. møte Sunde 10. sept.: Det er viktig at dei som er medlem i Fellesrådet og som kan møte der 24. sept. er i dette møte. Dei av AU medlemmene som kan reise på møte i Sunde gjere det og får med seg det som rører seg. Frå vårt sokn reiser dagleg leiar, nestleiar Margunn, medlem i FR Ottar og evt Ingrid viss det passar slik. Eilef er forhindra frå å kome.

Vedtak

Soknerådet tek saka til orientering.

[Lagre vedtak]

39/25 Visjon og strategiplanen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	03.09.2025	39/25

Saksorientering

Oppfølging av saker me har snakka om før.

Forslag til vedtak

Samtalesak.

Møtehandsaming

Oppfølging av ideen om eit felles barnekorprosjekt. Det er andre prosjekt for kantorar og andre som gjere at det ikkje er realistisk å få det til i 2026 Det er fine songar frå «Levende lys» som kor gjerne kan oppfordrast til å bruke.

NB! Ang. Kyrkja vår – fint om alle går heim og prøver å få lesetilgong via den linken som er blitt sendt ut. Gje beskjed til Heidi viss du ikkje kjem inn.

<https://plan.kirken.no/register>

Vedtak

Saka om evt felles korprosjekt blir tatt opp igjen i maimøtet i 2026.

[Lagre vedtak]

Orienteringssaker

40/25 Orienteringssaker

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	03.09.2025	40/25

Saksorientering

Sakene ligg ved til gjennomlesing eller blir referert munnleg i møtet.

Forslag til vedtak

Sakene er tekne til orientering.

Møtehandsaming

Oppfølging lyd Fogn og Talgje – Fogn: Bjørn Runestad og Lars Magne Grødem jobbar med fornying av anlegget som er i dialog med Fellesrådet og ei økonomisk rame på kr 75 000,- Det er henta inn pristilbud frå 2 – 3 leverandørar. Talgje – Eilef held tråden i dette og har henta inn pristilbud frå to leverandørar på lyd, når dette tilbudet kjem tek me det vidare til Fellesrådet.

Talgje kyrkje – restaureringsarbeidet blir fullført slik det var tenkt. Inne er det ferdig, held no på med kalking osv på utsida.

Litt om stillingar – på Talgje vil det frå og med 1.jan. lysast ut kyrkjetenarstilling i ein stillingsbrøk som vil vere naturleg ut ifrå tal på kyrkjelege handlingar og at klokkestillingane vil utgå der frå 2026 grunna oppsigelsar frå dei som har stillingane pr i dag. Innspel – vaktmeisteroppgåver og evt sesongarbeidaroppgåver på gravplass kan evt knyttast til stillinga.

Nye nøkkelrutiner i kyrkjene – det er nøkkelboks på Talgje og det skal kome på Fogn.

Ung sommarjobb – 5 ungdommar har hatt jobb – open kyrkje tre dagar i veka gjennom sommaren. God erfaring.

Referat frå diakoniutvalet 14. mai og trusopplæringsutvalet 19. mai – er sendt ut for gjennomlesing.

Tildelingar frå KKM – Kulturkveld Fogn 14. okt. kr 4000,- Songkveld v/Morten Samuelsen i Fogn kyrkje 23. jan. - 4000 Julekonsert med Mari Hauge i Talgje kyrkje - 5000,- (til utøvar).

Div. info frå Hesby sokn ang. hausten – sjå skriv
Jubileumshelg i Tungenes prosti 7.-9.nov. – plakat er komen og vil bli delt på
finnoykyrkja.no og på fb Kyrkja i Finnøy osv Plakatar kjem opp. Samt blir omsnakka i
kunngjeringar.

Byregudstenesten – evaluering og takk – sjå skriv. Talgje sokneråd rettar ein stor
takk til alle involverte for det som har vore ei flott oppleving for frammøtte på Byre
desse 5 åra. Soknerådet ønsker å ta dette opp som sak i neste møte.

Vedtak

Sakene er tekne til orientering.

[Lagre vedtak]

Salmesong til avslutning

Eventuelt

Ottar Sandanger tok opp saka om at soknerådet gjerne vil at nynorsk skal halde
fram med å vere vår målform.



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	310	23/04625-11	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
43/25	Talgje sokneråd	19.11.2025

Det lokale kyrkjelydsarbeidet på øyane våre. I dag: Talgje

Saksorientering

Me vil ha fokus på kvar kyrkjelyd i møtene våre. Dei tilsette og varamedlem i soknerådet frå den aktuelle øya bli invitert med. I førre møte hadde me fokus på Halsnøy, i dette møte har me fokus på Talgje. Dette kan vere som ei idemyldring om det er noko ein har lyst til, ein kan snakka om praktiske ting i og ved kyrkja osv.

Forslag til vedtak

Samtalesak.



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	411	23/04626-5	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
44/25	Talgje sokneråd	19.11.2025

Val av leiar og nestleiar for det komande året.

Saksorientering

Vervet som leiar og nestleiar er for eit år om gongen. Verva skal no fordelast for det neste året. Eilef J Gard har vore leiar. Margunn M Hovda har vore nestleiar. Dei er spurte om å ta gjenval. I møtet blir det spurt om det er andre kandidatar til verva.

Forslag til vedtak

Soknerådet vel leiar og nestleiar for det neste året.



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	000	23/04636-7	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
45/25	Talgje sokneråd	19.11.2025

Utnemning av representantar til diverse utval

Vedlegg:

Mandat for diakoniutvalet etter møte 24.10.23

Mandat for trusopplæringsutvalet

Saksorientering

Representantar til diakoniutvalet og trusopplæringsutvalet er utnemnd for 2 år om gongen. Dei skal derfor spørjast om dei vil fortsetje og ein utnemner evt nye folk for dei neste to åra. Else Jorunn Løland og Anne Margrete Bjerga har vore med i diakoniutvalet. Else Jorunn vil fortsetje. Anne Margrete vil ha avløyning. Ifølge mandatet til diakoniutvalet skal ein tilstrebe at alle sokna er representert. Med tanke på kjønnsbalansen i utvalet kan det vere fint om ein mann kjem inn viss ein vil finne erstattar for Anne Margrete, jamfør mandatet som seier at det skal vere 4 – 6 personar i utvalet. Pr no så er det 5 i tillegg til Ingild.

Ingrid Eiane Setvik har representert Talgje sokn i trusopplæringsutvalet. Ho kan fortsetje. I ansvarskomiteen for Fogn kyrkje har Terje Kjølvik og Merete Meling Kindingstad representert Talgje sokn. Terje ønsker avløyning. Merete kan fortsetje. Det er forslag om at Margunn M Hovda går inn i komiteen dei neste 2 åra.

Forslag til vedtak

Soknerådet utnemner følgende personar til utval og komitearbeid for 2025 – 2027:

Else Jorunn Løland i diakoniutvalet.

Ingrid Eiane Setvik i trusopplæringsutvalet.

Merete Meling Kindingstad og Margunn Madsen Hovda til ansvarskomiteen for Fogn kyrkje.

MANDAT FOR DIAKONIUTVALET I KYRKJA I FINNØY

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Formål:

Diakoniutvalet arbeider for å fremja og styrka det diakonale arbeidet i Hesby, Talgje og Sjernarøy sokn. Diakoniutvalet er eit rådgjevande utval under sokneråda, og samordnar dei tre sokna sitt diakonale arbeid.

Samansetting og roller:

Diakoniutvalet konstituerer seg sjølv med ordstyrar, og består av:

- Diakon, som er sekretær
- 4-6 medlemmer som vert utnemnd av sokneråda. Kvart sokneråd utnemner eit fast medlem til utvalet
Medlemmene vert valde for to år om gongen
- Leiar i Frivilligsentralen kan delta i utvalet, og vert kalla inn på lik linje med andre medlemmer
- Diakoniutvalet sine medlemmer har teieplikt når dei i kraft av rolla si får kjennskap til private høve

Samlingar

Diakoniutvalet skal samlast minimum to gonger pr. semester.

Diakonen møter fast i utvalet og har ansvar for å kalla inn til samlingane og skrive referat. Referatet blir godkjent av utvalet og lagt ved som informasjon til sokneråda.

Utvalet skal arbeide med diakoniplanen jamleg, slik at denne svarer til behova og ressursane i sokna. Planen blir vedtatt av sokneråda.

Årsrapporten skal sendast til sokneråda og omfatta ei evaluering av siste års arbeid.

Diakoniutvalet skal

-fungera som rådgjevande organ og støttespelar for diakon

-fungera som rådgjevande organ i saker som gjeld diakoni, og bør høyrast før sokneråda fattar vedtak i slike saker

-samarbeida med frivillige organisasjonar og offentlege instansar

-arbeida for at det diakonale arbeidet vert forankra i kyrkjelydane, mellom anna gjennom brei rekruttering og oppfølging av frivillige

Mandat for Trusopplæringsutvalet i Hesby, Talgje og Sjernarøy sokn

Gyldig frå 1.12.2013

- Sokneråda utnemner 4 representantar, alle sokna skal vere representert.
- Trusopplærar møter fast i utvalet og har ansvar for innkalling.
- Medlemmane vert valde for to år om gongen.
- Trusopplæringsutvalget (TOU) vel sjølv leiar og referent.
- TOU samlast minimum to gonger per semester.
- Trusopplærar kan ta kontakt med enkeltmedlemmer om ønskeleg.

Trusopplæringsutvalet skal:

- Legge til rette for barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelydane med utgangspunkt i DNK Gud gir, vi deler
- Vere med og sette trusopplæringsplanen ut i livet og forankre den i kyrkjelydane, mellom anna gjennom samarbeid med dei frivillege organisasjonane
- TOU skal vere støttespelarar og rådgjevande organ for trusopplæringsarbeidet i Finnøy. Mellom anna ved å arbeide for ein breiast mogleg rekruttering av frivillege medarbeidarar.
- Få oppdateringar frå trusopplæringsarbeidet kvar gong dei samlast.
- Evaluere siste års arbeid i samband med årsrapporten. TOU skal og revidere trusopplæringsplanen jamnleg, gjerne annakvart år.
- TOU skal uttale seg om saker som gjeld barn/unge 0 – 18 år før vedtak i sokneråda, og få melding om vedtak i slike saker.
- Gje råd om materiell til bruk i trusopplæringa

Dei tilsette står for gjennomføringa av dei ulike tiltaka i samarbeid med trusopplæringsutvalget og frivillege medarbeidarar. Det inneber alt frå langsiktig planlegging til utsending av invitasjonar.

Ein sentral del av jobben til dei tilsette er rekruttering og oppfølging av frivillege medarbeidarar og kontinuerleg samarbeid og dialog med dei frivillige laga og organisasjonane. Det er òg dei tilsette som må sørge for at alle tiltak vert kontinuerleg evaluert og optimalisert.



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	411	23/04619-22	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
46/25	Talgje sokneråd	19.11.2025

Årsplan for soknerådet 2026

Vedlegg:

Årsplan Talgje sokneråd 2026

Saksorientering

Sjå vedlegg. Me kan føre på diakoni i lag med trusopplæringa til januarmøtet, så er alle faggruppene representert. Det kan vere greit i starten av året med tanke på årsrapportering osv.

Forslag til vedtak

Samtalesak

Årsplan Talgje sokneråd 2026

Dato	Fokus	Faste saker og andre saker
28. januar	Trusopplæring	Årsmøte, planlegging. Strategi- og handlingsplan, revisjon. Møteplan hausten 2026. Gudstenesteplan og offerliste hausten 2026.
11. mars		Fellesmøte med dei andre sokna. Innspeil til HØP Kyrkjevalet 2027 Plan for kyrkjeleg undervising Omorganisering av sokna?
27. mai	Musikk og gudstenesteliv	Budsjett og rekneskap Gudstenesteplan våren 2027. Strategiplanen
xx. september		Strategiplanen Møteplan våren 2027
xx. november		Budsjett og rekneskap Gudstenesteplan hausten 2027 Konstituering 2027 Strategiplanen



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	413	24/00466-7	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
47/25	Talgje sokneråd	19.11.2025

Fastsetjing av dato for årsmøte - våren 2026

Saksorientering

Rekneskapet er ikkje ferdig revidert før 30. april, men kan ha årsmøter før dette, då kun med førebels rekneskap. Av ulike grunnar, konfirmasjon, pinse osv er det vanskeleg å legge årsmøtet etter 30. april. Det er vanleg at årsmøte rullerer på kor det skal vere. Det er Halsnøy som står for tur, då er det aktuelt 10. mai, evt 8. mars – Talgje Fogn sine gudstenester er litt upassande med tanke på tema osv. i mars/april. Evt. kan me kalle saman til årsmøte ein kveld, med eit tema f.eks. Det er soknerådet som godkjenner årsmelding og rekneskap, i eit årleg soknemøte (kalla årsmøte) skal kyrkjelyden informerast om stoda.

Forslag til vedtak

Soknerådet rår til at årsmøte vert lagt til Halsnøy 10. mai, evt. Talgje 8. mars.



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	120	23/04623-25	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
48/25	Talgje sokneråd	19.11.2025

Rekneskap pr. 01.11.25

Saksorientering

Rekneskapet pr. 1. nov. 25 viser eit lite underskot på kr 1075,- Me vil få overføringar frå Fellesrådet på støtte til konfirmantarbeid, musikalske midler og støtte til kontorrekvisita på minimum 15 000,- Det skal også kome ei øverføring på kr 4000,- frå Kirkekulturell myldring til ein konsert på Fogn. I tillegg vil det kome offer til eigen kyrkjelyd som ikkje er bokført enno. Til «Ung sommarjobb» fekk me støtte på kr 25 000,- her var det forventa noko eigeninnsats og soknet har betalt ut kr 4 356,- i lønn til ungdommane utenom den støtta me fekk frå Kirkerådet. Basarinntektene til lokal bruk Fogn kyrkje er på om lag 10 000,- Samla sett vil det mest sannsynleg bli eit overskot totalt i soknet på om lag kr 20 000,- Me har sendt 34 050,- til misjonsprosjektet. I tillegg skal me sende pengar frå basaren i Fogn kyrkje på om lag 14000,-, så er det offer til misjonsprosjektet 30. nov. på Fogn og 2. juledag på Fogn og Talgje.

Forslag til vedtak

Orienteringssak



DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Heidi Bø Sangedal	650	23/04624-5	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
49/25	Talgje sokneråd	19.11.2025

Misjonsprosjektet

Vedlegg:

Halvårsrapport 2025 Ecuador

Saksorientering

Det kom ei oppdatering om arbeidet i Ecuador i haust, denne ligg ved. Avtalen me har nå er fram til 01.02.28 Viss nytt prosjekt bør dette jobbast med hausten 2026/våren 2027 for evt ny oppstart i 2028

Forslag til vedtak

Samtalesak

Halvårsrapport Ecuador 2025



Kjære menighet!

Situasjonen i Ecuador er fortsatt veldig spent. Det er mye uro, og kriminelle gjenger herjer og kjemper mot hverandre om makt og områder.

Lokale virksomheter opplever utpressing av penger, folk blir ranet på åpen gate og volden øker. Flere av våre aktiviteter har derfor blitt flyttet fra ettermiddag til

formiddag for å gjøre det tryggere, noen har også flyttet til et annet stedsted. Tross situasjonen er vi takknemlige for at aktivitetene våre fortsetter som før.



I en tid som denne ser vi hvor viktig det er med arbeidet for barn og unge slik at de får andre alternativer enn å havne i disse gjengene. Vi jobber nå aktivt med å styrke familier slik at barna ikke havner i miljøer med narkotika og kriminalitet og aldri i slike gjenger. Vi vil med denne

rapporten dele noen glimt fra arbeidet og håper dere blir inspirert av å lese om hvordan deres støtte gir håp og nye muligheter til mennesker som lever under veldig vanskelige og krevende forhold, slik at barn og unge i Ecuador ikke havner i gjengmiljøer.

På siste side har vi laget en gudstjenestekunngjøring og en bønn dere kan bruke.

Tusen takk for at dere støtter og ber for arbeidet i Ecuador!



Idrett og forbilder

Gipson er 12 år gammel og bor i La Paz. Hverdagen hans har de siste årene blitt fylt av frykt og usikkerhet så gjengmiljøene får et stadig hardere grep om lokalsamfunnet.

Hverdagen er preget av restriksjoner og regler Gipson må holde for å være trygg, og han savnet å være med venner og drive med fritidsaktiviteter. Gipson har alltid drømt om å bli proff fotballspiller, men grunnet situasjonen i samfunnet kan han ikke lenger spille fotball fritt ute når han vil.

For et år siden fikk Gipson bli med på et av våre prosjekter hvor han tre dager i uka får være med på idrettsaktiviteter etter skoletid. Her får han både drive med sin favorittsport fotball og føle seg trygg. På treningene har Gipson trygge voksne rundt seg som lat han vokse og utvikle seg. De hjelper han også med skolen, noe



som har gjort at han nå presterer bedre og lærer mer!

Gipson forteller at han gjennom å få være med i prosjektet har fått mer glede i hverdagen sin og at han ikke føler på frykt når han er på trening. Han får være med vennene sine og de lærer

